



Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2076 - 16/20975

Saksbehandlar:
Astrid Aarhus Byrknes
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:
04.07.2016

Eingongstilskot til kommunalt vedlikehald – prioritering av tiltak i Lindås kommune

Administrativt vedtak. Saknr:

Ordfører gjer fylgjande vedtak på sommarfullmakt (jf.Politisk styringsstruktur og reglement punkt 13-5)

1. Eingongstilskotet til kommunalt vedlikehald på kr 3.032.000 blir i første omgang prioritert på følgjande tiltak:

Tiltak	Estimert kostnad
1. Rehabilitering av naust i Kvamsvågen (tre naust)	kr 1.300.000
2. Vedlikehald av bade plass ved Hillandsvatnet	Kr 300.000
3. Såta bu- og servicesenter	Kr 200.000
4. Ekstern byggeleing	Kr 200.000
Totalt	Kr 2.000.000

2. Endeleg prioritering av det totale tilskotet på kr 3.032.000 blir vedtatt etter 10. august.

Bakgrunn:

Gjennom Revidert nasjonalbudsjett 2016 er det gitt eit øyremerka tilskot til kommunar på Sørlandet og Vestlandet på kr 400 mill, til vedlikehald og rehabilitering av vegar, bygg og anlegg som er eigd av kommunen og eller kommunalt føretak. Tilskotet blir gitt til kommunar med høgare arbeidsløye enn landsgjennomsnittet. Lindås kommune vil få eit eingongstilskot på kr 3.032.000.

Midlane må brukast på prosjekt som kan starte i 2016, det betyr at kontrakt med entreprenør må vere teikna før utgangen av 2016. Midlane skal brukast til prosjekt og tiltak som kjem i tillegg til allereie vedtatt prosjekt som ligg i vedlikehaldsplanen. Tilskotet skal nyttast til tiltak innan vedlikehald og rehabilitering av bygg, anlegg og vegar som er eigd anten av kommunen eller eit kommunalt føretak. I første rundskriv frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, datert 24.06, blei det presisert at tilskotet ikkje kunne gå til bygg og anlegg eigd av andre rettssubjekt, til



dømes kyrkjeleg fellestråd. I nytt rundskriv datert 30.06 blir det presisert at tilskotet likevel kan nyttast til vedlikehald og rehabilitering av kyrkjebygg, dvs kyrkjer som kommunane etter kyrkjelova har det økonomiske ansvaret for.

Tilskotet skal gå til kjøp av tenester og kan ikkje brukast på prosjekt som blir utført av kommunen sin eigne tilsette eller av kommunale føretak. Tilskotet er avgrensa til vedlikehald og rehabilitering av eksisterande bygg, anlegg og vegar. Investeringar i nybygg og nye anlegg kan ikkje finansierast av tilskotet.

Vurdering:

Lindås kommune har vedlikehaldsplanar både på eigedom og på veg. Eingongstilskotet kan ikkje nyttast til planlagt vedlikehald som er ein del av desse planane. Rådmannen ønskjer å prioritere tiltak som i størst mulig grad kjem innbyggjarane til gode, med vekt på friluftsområder og kulturbygg. Det har også vore eit politisk ønskje om å prioritere nokre av midlane til vedlikehald av kyrkjebygg. Det er derfor sendt ein førespurnad til kyrkjeleg fellestråd om det finns vedlikehaldsbehov utanfor det planlagde vedlikehaldet, med frist for tilbagemelding innan 10. august. Ei eventuell løyving til kyrkjeleg fellestråd vil bety at tilskotet til andre trusamfunn også vert auka. Rådmannen har bedt om presisering frå Fylkesmannen (som har teke dette opp med departementet) på korleis ei eventuell rapportering på mildar til kyrkjeleg fellestråd og andre trusamfunn skal gjennomførast.

For å kunne starte opp prosjekt så snart som mulig legg rådmannen opp til følgjande prioritering der tiltak 1 – 4 blir planlagt og sett i verk. I første omgang gjeld det prioritering av prosjekt til kr 2.000.000. Ei endeleg prioritering av det totale tilskotet blir vedtatt etter 10. august.

Prioriterte tiltak (1 – 4):

Tiltak	Estimert kostnad
1. Rehabilitering av naust i Kvamsvågen (tre naust)	kr 1.300.000
2. Vedlikehald av bade plass ved Hillandsvatnet	Kr 300.000
3. Såta bu- og servicesenter	Kr 200.000
4. Ekstern byggeleing	Kr 200.000
5. Kulturbygg: Husmannsplass	?
6. Kulturbygg: Leivestadtunet	?
7. Andre tiltak	?
Totalt	Kr 2.000.000

Kostnadane er foreløpig grovt estimert, vi må kome attende med meir nøyaktig kostnad når ein har vurdert tiltaka meir nøye. Kommunen vil nytte etablerte rammeavtalar for å gjennomføre tiltak og byggeleing. Dette vil vere kjøp av eksterne tenester og soleis innanfor dei kriteriana som ligg for tilskotet.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

